

**AKTUELT****I vinden med sjølvbygd trebåt**

Reidar Nordvik sin oselvar vart eit midtpunkt på Trellevikstemnet.

SIDE 12 OG 13

**AKTUELT****Bøtelegger tjuvfiskere**

Kystvakten fant 129 ulovlige teiner ved Sotra og Øygarden. Nå vanker det bøter.

SIDE 4



Lokalavisa for Fjell, Sund og Øygarden

NR. 64 | 29. AUGUST 2017 | ÅRGANG 30

Laussal kr. 25

# Vestnytt

Tysdag

**Då Eva gjekk inn i politikken, var ikkje Erna fødd**

Høgre-veteran Erna Lotsberg (94) drøfta politikk med statsministeren.

SIDE 5

**Trenger flere ansatte**

Bergen Group har fått nye oppdrag på Ekofisk-feltet. Nå skal de øke bemanningen.

SIDE 2

**Griste til strendene med fiskeolje**

4000 liter lakseolje fekk det til å stinka rundt Skaganeset.

SIDE 5

## Fjell stoppar alle skuleturar

Etter påpakk frå Fylkesmannen set skulesjefen i Fjell foten ned for skuleturar arrangert av foreldre. Det betyr slutten for tradisjonen der

tiandeklassingane dreg på utanlands-tur. Årsaka er at turane bryt med prinsippet om at skulen skal vera gratis.

SIDE 2




Foto: Kyrra Støve

## Anders måtte ut med 10.000 kroner då Vidar sprang frå han

SIDE 16 OG 17

7090004860024

# Gleda med den aller første seglturen

Trellevikstemnet sår spira til ekte båtkos hjå dei unge.

**TOFTERØY:** – Me har ikkje seilt før, seier Celine Kleppe (11) og Simone Spilde (10).

Dei har akkurat sett seg oppi ei lita segljolle og får kyndig instruksjon om korleis ein slik båt skal manøverast.

– Det er veldig kjekt å vera her, spesielt når det er så fint ver, seier Simone.

## Leik på sjøen

Dei var langt frå åleine på sjøen, under Trellevikstemnet på Toftøy var det eit yrande liv på sjøen. Born i alle aldrar leika seg med ulike farkostar. Nokon tok sine første prøvande åretak i ein stor kano, andre padla effektivt utover i kajakk.

– Kano er me flinke til. Seglbåt har me mindre peiling på, seier Celine.

Både Celine, som er frå Kleppe, og Simone, som bur på Toftøy, er røynde på sjøen. Men seglbåt er noko nytt.

– Det blir gøy, trur Simone.

## Trangt om plassen

Så set dei kursen utover vika og prøver seg fram med justering av ror og segl innimellom eit hav av sjøglade born i små farkostar. Lenger inne i vika var eit knippe born ivrigje badarar, medan dei vaksne stort sett heldt seg på land.

Det årvisse Trellevikstemnet bada i sol denne seinsommars helga, og folkelivet viste at det er mange som set pris på sjø, båtliv og gammal kystkultur.

**KYRRE STYVE**  
kyrre@vestnytt.no

95919514



Celine Kleppe og Simone Spilde storkosa seg på sin første seglbåttur.




Under Trellevikstemnet får dei yngste prøva seg i kano, kajakk og seglbåt heilt åleine, men i trygge rammer.



Kasper og Magnus Morland-Omdal var blant dei mange som fekk seg ein tur med redningsskøyta Elias.



Det var folksamt både på land og til sjøs i Trellevik.



Alle foto: Kyrre Styve



Trellevik søndag.



Reidar Nordvik skildrar oselvaren som ein vanskeleg båttype å byggja. Men etter to år er båten både tett, sjødyktig og nydeleg vakker.

Foto: Kyrre Styve

# På tur med sjølvbygd oselvar

– Eg har alltid hatt lyst å byggja min eigen båt, seier Reidar Nordvik. Han stilte på Trellevikstemnet med nybygd oselvar.

**TOFTERØY:** I eit yrande liv ved Trellevik kystkultursenter var det ein liten seglbåt som mange la merke til søndag: Oselvaren til Reidar Nordvik frå Telavåg.

– Han vart sjøsett for tre dagar sidan, fortel Nordvik.

Oselvar er ein trebåt med lange tradisjonar, og der finst båtbyggjarar som har spesialisert seg på akkurat denne typen. Men median Reidar Nordvik har bygd båt før, er dette første gongen han prøver seg på ein oselvar. Han er maskinist av yrke, men har openbart eit godt lag også med tre.

– Det er ein vanskeleg båt å byggja. Eg har vel bruktu to år, seier han.

## Gamal båt som mal

Nordvik brukte ein oselvar han arva etter bestefaren som mal. Han har klart å byggja heile båten utan å henta inn ekstern hjelpe, men har blitt assistert av kona.

Under Trellevikstemnet i helga drog han på tur saman med



Reidar Nordvik og svigersonen Per Asle Sandal drog ut for å sigla i frisk vind under Trellevikstemnet.

Foto: Kyrre Styve

svigersonen Per Asle Sandal.

– Eg er heldig som får vera mannskap på ein slik fin båt, seier Sandal.

## Med årer og segl

Oselvarar blir brukt både som robåt og seglbåt. Nordvik har montert mast og segl på sin, og søndag var det bra med vind då dei to drog på tur i det opne området mellom Tofterøy og Vardøyna. No blir båten til glede for dei yngre generasjonar.

– Ungane skal få bruka han, seier Reidar Nordvik, skipper på

den kanskje vakraste båten på Trellevikstemnet.

Oselvar er ein klinkbygd båttype som har vore svært vanleg i ytre strok av Hordaland i mange hundre år. Ein oselvar skal tradisjonelt vera bygd av furu, men med nokre delar av eik. Båttypen er ofta mellom 4,5 og 10 meter lang. Det er rekna som ein rask båt, både til roing og segling.

KYRRE STYVE

kyrre@vestnytt.no

95919514